

I-hjelpe

Kva Noreg tente på låge prisar på
utvalgte u-landsvarer i 2001.

Av Arnstein Flatlandsmo og Ingrid Bay

Framtiden i våre hendes forskningsinstitutt

Tittel I-hjelpe: Kva Noreg tente på låge prisar på utvalgte u-landsvarer i 2001	Rapportnummer, utgivelsesdato FIVH-rapport 6/ 2002, 20. desember 2002
Forfatter Arnstein Flatlandsmo og Ingrid Bay	Utgiver Framtiden i våre hender, Fredensborgveien 24 G 0177 Oslo
Prosjektstyrer Dag Nagoda	Ansvarlig redaktør Arild Hermstad
Faglig Kvalitetsikrer Sverre Grepperud	
<p>Denne rapporten er godkjent av Framtiden i våre henders forskningsinstitutt (FIFI). Instituttet har til formål å engasjere eksterne fagfolk med den nødvendige vitenskapelige kompetanse til å utføre prosjekter innen miljø- og utviklingsspørsmål. Prosjektene skal frambringe vitenskapelige utredninger som skal publiseres i FIVHs rapportserie og legges ut til offentlig debatt. Rapportene kvalitetssikres og godkjennes av instituttets styre. FIFIs styre består for tiden av (vår 2001):</p> <p>cand. oecon. Ingeborg Rasmussen (styreleder) dr. polit. og siv. øk. Audun Ruud dr. scient. Erling Krogh dr. philos. Hilde Ibsen cand. polit. Ane Mygland</p>	

Rapporten er utgitt med støtte fra NORAD

SAMANDRAG

I-hjelpa til Noreg i år 2001 var på over fem milliardar kroner, eller over 1100 kroner pr nordmann. Dette er pengar Noreg tener på låge prisar på varer vi importerer fra u-landa. I-hjelpa har vært stabil dei siste sju åra, og tilsvarer om lag halvparten av Noregs årlege bistandsbudsjett.

Bakgrunn

Dei internasjonale prisane på typiske u-landsprodukt som metall, mineral, råvarer frå landbruket (kaffi, ris, frukt, grønnsaker m.m.), samt kle, sko og tekstilar har hatt ein kontinuerleg og markert nedgang i løpet av dei siste 20 åra. I løpet av den same perioden har ein stor del av dei ferdigforedla varene frå i-land vorte eksportert til stadig stigande realprisar. Dette betyr at samtidig som u-land har fått mindre for varene dei eksporterar, har dei måtta betala meir for varene dei importerar. Og medan i-landa har fått meir for varene dei eksporterar, har dei samtidig betalt mindre for det dei importerer frå u-land (Verdensbanken, 2001a).

Begrepet "i-hjelpa"

Med i-hjelpa meiner me u-landa sitt årlege tap, eller i-landa sin årlige gevinst, som fylgje av prisutviklinga på verdsmarknaden. I rapporten har me sett på prisutviklinga for ei rekke u-landsvarer importert til Noreg i perioden 1980-2001. Prisutviklinga på desse varene er samanlikna med den gjennomsnittlige prisutviklinga for fyrstegongsomsette varer på den norske marknaden i same periode. Ved å berekna kva den samla importen til Noreg eit gitt år hadde kosta dersom dei importerte varene hadde hatt samme prisutvikling som fyrstegongsomsette varer her heime i Noreg, får me et uttrykk for kor mykje Noreg sparar på denne underbetalinga.

Hovudfunn

Målt som vist ovanfor, var i-hjelpa til Noreg i 2001 på over fem milliarder kroner. Denne summen tilsvarar over 1100 kroner pr nordmann. I-hjelpa sin storleik avheng av realprisendringane på de ulike varene fra 1980 til 2001, samansetningen av u-landsimporten, og storleik på denne i 2001. Sjølv om ei vare har hatt ei markert negativ realprisutvikling i løpet av perioden, vil den ikke bidra stort til den norske i-hjelpa dersom importvolumet i dag er lite. I motsett fall; dersom ei vare har hatt ein

svak prisnedgang, kan den likevel gje eit stort bidrag til i-hjelpa dersom den er importert i store kvanta. Tinn er den vara som synte størst differanse mellom "ideell" og reell kilopris (definert i material og metode, side 9), men utgjorde berre ein liten del av den totale i-hjelpa fordi importmengda var så liten. Kle, kaffi og aluminiumsoksid var dei vareslaga som bidrog mest til i-hjelpa i 2001. Pepper, druer, tropisk tømmer og sko har hatt ei positiv realprisutvikling siden 1980 (d.t at dei kosta høvesvis meir i 2001 enn i 1980), og bidrog til å redusera den totale i-hjelpa for 2001.

Ei undersøking gjennomført av MMI (Markeds- og Medainstituttet) for Framtiden i våre hender våren 2001, synte at 67 prosent av det norske folk er villige til å betala meir for varene frå u-land, dersom dette kan redusera fattigdommen i verda. Dette kan tolkast slik at nordmenn gjev myndigheiter og importørar av u-landsvarer mandat til å kjempa mot fattigdommen i verda ved å betala meir for importerte u-landsvarer. Dersom til dømes realprisane på klesimporten vert heva til 1980-nivå, vil leverandørar til den norske marknaden auka si fortjeneste med 1,7 milliarder kroner.

Utdjuping

I-hjelpa si utvikling i løpet av de siste sju åra har vore stabil. Dette var ikkje som forventa, ettersom ein har observert ein kraftig prisnedgang for einskilde varer på verdensmarknaden i denne perioden. Årsaka til dette kan delvis forklarast med ei endring i samansetnaden av importen, variasjon i råvareprisane gjennom året (som kan føra til at norske importørar kjøper på eit "dyrt" tidspunkt), avlingsvariasjonar eller valutakursendringar. Dei siste seks åra har i-hjelpa tilsvart om lag 50 prosent av dei totale norske overføringa av bistandsmidlar (ODA-midler). Som andel av norsk bruttonasjonalinntekt (BNI) har i-hjelpa utgjort om lag 0,4 prosent.

Innhald

SAMANDRAG	3
Innhald	4
Innleiing	5
I-HJELP	5
PROBLEMSTILLING.....	5
Bakgrunn	6
USTABILE OG LÅGE RÅVAREPRISAR.....	6
FORVERRA BYTTEFORHOLD.....	7
ULEMPER VED AUKA HANDEL	8
LITEN ANDEL AV MARKNADEN	8
Material og metode	9
DATA	9
DEFINISJONAR	9
METODE.....	10
BEREKNINGSMETODE	10
<i>Jordbruksvarer og råvarer (gruppe 1)</i>	10
<i>Kle, sko, tekstilar og golvbelegg (gruppe 2)</i>	10
Berekninga av storleiken på I-hjelpa for 2001	11
I-HJELPA 2001	11
I-HJELPA 1994-2001.....	12
I-HJELP OG U-HJELP	13
Begrensingar ved metoden for berekning av i-hjelpa	14
<i>Tidsperiode</i>	14
<i>Importstatistikk</i>	14
<i>Realprisar</i>	15
<i>Auka import?</i>	15
<i>Vareutvalet</i>	15
Rettferdig handel	15
RETTFERDIG HANDEL MED KLE	16
Konklusjon	17
Kjelder	18
Vedlegg	20
VEDLEGG 1: TOTAL IMPORT TIL NOREG I PERIODEN 1993-2001.....	20
VEDLEGG 2: REKNEDØME.....	20
<i>Berekning av prisindeks for fyrstegongsomsetnad innanlands</i>	20
<i>Berekning av i-hjelp for varer i gruppe 1</i>	20
<i>Berekning av i-hjelp for varer i gruppe 2</i>	20
VEDLEGG 3: I-HJELPA 1994-2000.....	21
VEDLEGG 4: BETALINGSVILJE FOR Å REDUSERA FATTIGDOM I VERDA	21

Innleiing

Den økonomiske veksten i verda var i 2001 på 1,3 %, mot 3,8 % året før (UNCTAD, 2002). Ifylgje samme kjelde var det også ein dramatisk reduksjon i veksten av internasjonal handel i 2001. Vareeksporten fra u-land auka i 2001 med 0,9 %, mot 13,7 % året før. Samtidig har råvareprisane på verdsmarknaden gått ned med nærare 60 % siden 1960 (Verdensbanken, 2001b). Totalt sett tyder dette at u-landa samla sett kjem ut som taparane på verdsmarknadene.

Dei rike landa nyttar kvart år store ressursar på bistand til land i sør. Men det er ingen tvil om at det kvart år også går ein straum av pengar den andre vegen. Med denne rapporten vil ein søka å visa korleis og kvifor den norske økonomien årleg mottek store verdiar frå u-land.

I-hjelp

Med i-hjelp generelt meiner ein det tapet u-landa får grunna nedbetaling av renter og avdrag på lån oppteke i i-land, handelshindringar og synkande råvareprisar. Ein har her valt å dela i-hjelpe inn i fylgjande kategoriar:

1. *Finansbistand*: U-land betalar årleg fleire milliardar kroner i renter og avdrag på lån til vestlege finansinstitusjonar. På 90-talet var dei samla overføringane i renter og avdrag til vår del av verda, langt større enn dei årlege budsjettutgiftene til helse, undervisning og jordbruk i dei afrikanske landa (Eriksen, 1998).
2. *Støtte til næringslivet*: Mange norske bedrifter som er lokalisert i utlandet mottek støtte over bistandsbudsjettet. I år 2000 vart det bevilga nærare 500 millionar til næringslivsordningane (NORAD, 2001). At u-landa får bistand kan altså føre til økonomisk gevinst for einskilde norske bedrifter.
3. *Miljøbistand*: I-land kan kostnadsfritt skada miljøet i u-land ved at u-landa fungerer som mottakarar av langtransporterte forureiningar frå industri og forbruk. Eit døme er CO₂-utslepp som fører til global oppvarming av atmosfæra. I-landa har i tillegg plassert forureinande industri i u-landa der miljøkrava ofte er mindre strenge enn i i-land.

4. *Ekspertbistand*: I fylgje Hille (1993) er det dobbelt så mange personar med universitets- og høgskuleutdanning blant innvandrara i Noreg, samanlikna med den norske befolkningen totalt, og fem gonger fleire samanlikna med den øvrige befolkningen i innvandrara sine heimland. Denne hjerneflukta tilfører Noreg kompetanse verdt om lag 1,5 milliardar kroner årleg om den vert fullt utnytta. Summen er like stor som den som kvart år vert nytta på tiltak til flyktingar kvart år (i Noreg).

5. *Varebistand*: Mange u-land er store eksportørar av råvarer som vert omsett på verdsmarknaden til stadig synkande prisar. Dette sparar i-land, deriblant Noreg, for store summer årleg. Det årlege tapet u-land har hatt som fylgje av synkande råvareprisar i perioden 1980-93, er estimert til om lag 100 milliardar amerikanske dollar (1993-dollar). Dette er dobbelt så mykje som den totale (vanlege) bistanden var på i 1990 (Cunningham og Atkinson, 1994).

Denne rapporten fokuserar på *varebistanden*. I motsetnad til u-hjelpe som får mykje merksemd og er godt synleg gjennom bistandsbudsjettet, er i-hjelpe meir eller midre ignorert. Sidan 1993 har Framtiden i våre hender (FIVH) søkt å berekna kor mykje i-landa sparar på at realprisane for varer produsert i u-land synast å falla over tid – den såkalla varebistanden. Varebistanden i denne rapporten er altså kor mykje Noreg årleg sparar på synkande råvareprisar samanlikna med prisnivået slik det var i 1980.

Problemstilling

Hovudmåla med rapporten er:

- å berekna kor mykje Noreg mottok i i-hjelp (varebistand) i 2001.
- å sjå på utviklinga i i-hjelpe dei siste sju åra.
- å sjå på moglegheiter for å redusere eller avvikla i-hjelpe.

Den fyrste delen av rapporten tek for seg utviklinga på den internasjonale råvaremarknaden og utrekning av i-hjelpe for 2001. Det er sjølv sagt ikkje slik at internasjonal handel i seg sjølv er årsaka til den urettferdige globale

fordelinga ein har i dag. Auka handel er ein av fleire faktorar som kan bidra til auka verdiskaping og større velferd også i u-land. Men dei handelsavtalene ein har i dag verkar ikkje å vera tilstrekkelege til å kunna skapa ei bærekraftig utvikling. Clean Clothes Campaign (CCC), Ethical Trade Initiative (ETI) og Max

Havelaar er døme på organisasjonar og ordningar der målet er å sikra ein meir rettferdig og økologisk handel. Dette vil ein komma nærare innpå i siste del av rapporten.

Bakgrunn


Ustabile og låge råvareprisar

Figur 1 syner at råvareprisane på verdsmarknaden er redusert med vel 50 prosent sidan 1960. Årsakene til dette er mange og kompliserte. Synkende etterspurnad som fylgje av at mange av dei tradisjonelle råvarene er blitt erstatta av syntetiske produkt har pressa prisane nedover. Samtidig har ein fått ei dematerialisering av produksjonen, m.a. fordi vekstnæringar som informasjons- og bioteknologi er lite råvarekrevande (Eriksen, 1998).

Lågare prisar har også ført til at mange utviklingsland har blitt tvinga til å auka produksjonen av varer som har falle i pris, som t.d. kaffi, te og kakao, for å oppretthalda eksportinntektene (Verdensbanken, 2000c).

Dette kan igjen ha forsterka fallet på prisane grunna tilbodsoverskot i marknadane. Frå september 2001 til september 2002 har kakaoprisen rikignok gått opp 110,8 %, men dette skuldast i all hovudsak svært dårlege avlingar i Elfenbenskysten dei tre siste åra (Dagens Næringsliv, 2002). I fylgje figur 1 hadde ein løpet av fjoråret ein tydeleg realprisnedgang for både landbruksvarer¹ og metall og mineral. Sjølv om hovudtrends sidan 1960 har vore synkende råvareprisar, har det vore store variasjonar og prissvingingar i perioden. T.d. steig prisane på kaffi med nesten 90 prosent frå 1996 til 1997, for så å falla ned under '96-nivå året etter.


Prisutvikling på den internasjonale råvaremarknaden



Figur 1: Utvikling av verdsmarknadsprisane på landbruksvarer og råvarer i perioden 1960-2001 (Verdensbanken, 2001a).

¹ For definisjonen av landbruksvarer sjå vedlegg 2.

Utvikling av pris på ferdigprodukt (MUV 5) og råvarer



Figur 2: Samanlikning av prisutviklinga på ferdigforedla varer, og råvarer på verdsmarknaden. (Verdensbanken, 2001).

Dette skuldast mellom anna spekulasjonar i marknaden, og har gjort kvardagen for råvareprodusentar lite forutsigbar, men også avlingsfluktuasjonar har spela inn (New Internationalist, 2000).

Forverra bytteforhold

Figur 2 syner korleis prisane på ferdigprodukt², ofte produsert i i-land, har auka i pris i forhold til typiske råvarer produsert i u-land. Ved inngang til 1990-talet måtte Zambia utvinna og eksportera fire gonger så mykje kopar for å kjøpa den same lastebilen som i 1972 (Eriksen, 1998). Av råvarer er det berre råolje, gull og tømmer frå lauvtre som har hatt ein realprisauke sidan 1971 (Verdensbanken, 2000).

Dei fleste minst utvikla landa er avhengige av eksportinntektene frå berre ei eller to typar råvarer, og dermed vert prisane på verdsmarknaden svært avgjerande for levestandarden til befolkningen i desse landa. Mellom anna er salet av matvarer i u-land svært inntektselastisk (FAO, 2000). Redusert inntekt fører altså til at folk må redusera sitt forbruk av mat. I løpet av 90-talet har ein sett ei ulik utvikling mellom u-land i Asia, og dei resterande u-landa når det gjeld den andelen handel utgjør av brutto-

nasjonalproduktet (BNP), og andel av verds-handelen (Verdens handelsorganisasjon, 1996). Frå midten av 1990-talet hadde ein hatt ein eventyrleg økonomisk vekst i einiske asiatiske land, med Kina i spissen. Dette i klar motsetnad til dei andre u-landa. Den økonomiske krisa i 1997 synte imidlertid at vegen frå tiger til tiggjar kunne vera svært kort. Finanskrisen førte til arbeidsløysing og nød i regionen, samt ein sterk auke i antal personar som lever under fattigdomsgrensa. Dette påverka eksporten, noko som igjen fekk negative konsekvensar for utviklinga i ei rekkje land. Totalt sett bidrog krisen i Asia til at gjennomsnittsvæksten i 1998 var på berre 3,3 %, ein nedgang på 2,4 % frå året før (Utenriksdepartementet, 2000). Den globale eksportverdien av landbruksvarer åleine (utan skogprodukt) hadde ein nedgang på 13 % i 1999 i forhold til føregåande år. Verdien av typiske u-landsvarer fall med 15 %. Kaffi og sukker stod for meir enn 40 % av denne reduksjonen i u-landa sin eksportverdi. Dette bidrog til at mange utviklingsland fekk redusert sine inntekter drastisk. Berre for storfe kjøtt opplevde ein ein auke i avkastningen (FAO, 2000). I løpet av år 2000 auka både prisane og omsetnaden av råvarer noko. Dette skuldast delvis ein høg oljepris som har auka etterspørselen frå oljeeksporterande land. Denne trenden fortsette ikkje året etter, og i 2001 fekk ein nok ein gong reduksjon i råvareprisane.

² I denne rapporten nyttar ein MUV (G-5) indeks. Denne indeksen syner prisutviklinga på ferdigforedla varer frå dei 5 store industrilanda (Frankrike, Tyskland, Japan, Storbritannia og USA) som i stor grad vert eksportert til låg- og middelsinntektsland.

Ulemper ved auka handel

Som tidlegare nevnt vil ein auke i eksportvolumet åleine ikkje nødvendigvis bidra til auka fortенeste og valutainntekter. Auka handel og avhengigheit av utanlandske marknader kan dessutan verka negativt på både lokal utvikling, matvaresikkerheit og miljø (Cunningham og Atkinson, 1994). Ei omlegging av landbruket frå matproduksjon til eksportvarer ("cash-crops") vil til dømes kunna bety at matvarer må importerast. Importen må imidlertid betalast med utanlandsk valuta, som ofte er ein knapp ressurs i slike land. Mange u-land har dessutan ofte stor utanlandsgjeld og er forplikta gjennom avtaler til å nytta delar av eksportinntektene til betaling av renter og avdrag. Valutainntektene ein kunne brukt til å importera mat, går altså i stor grad til nedbetaling av gjeld (Cunningham og Atkinson, 1994).

Ein annan konsekvens av auka handel kan vera ein auke i konkurransen der berre pris og kvalitet avgjer kva produkt som vinn fram, utan at det vert teke omsyn til arbeidsforhold og miljøkostnader. Auka handel kan også skjerpa konkurransen mellom importerte og lokalt produserte varer. Resultat er ofte at prisen på dei lokale varene vert pressa ned, og i verste fall kan det lokale næringslivet verta heilt utkonkurrert.

Dersom landbruket må tilpassa seg den auka konkurransen, kan dette føra til intensivering av produksjonen. Ei intensivering av landbruket kan auka arbeidsløysa om behovet for arbeidskraft vert redusert, samt bety ei utarming av jordsmonn som fylgje av meir jordarbeiding (pløying/harving) og auka bruk av kunstgjødsel og sprøytemiddel. Det kan også resultere i overgang til dyrking av monokulturar³, noko som reduserar det biologiske mangfaldet fordi ein skapar eit homogent kulturlandskap. I område der ein dyrkar mange ulike vekstar, vert det laga nisjar og tilhaldstader for mange forskjellige artar. Om det berre vert dyrka ein vekst, vil artsmangfaldet i dette området begrensa seg til dei dyr og plantar som kan tilpassa seg økologien til denne arten.

Målet bør vera å hindra slike negative handelsavtaler. Koordinator for "Association of Cen-

³ Monokultur: produksjon av berre ein vekst – t.d. mais.

tral American Farmers for Cooperation and Development", Wilson Campos, sa det slik: "Eit kvart land burde ha mogelegheit til å brødfø sitt eige folk ved hjelp av eigne ressursar utan å vera avhengige av institusjonar og institusjonar dei ikkje har kontroll over. Tradisjonelt har me oppretthelde ein samansett produksjon, og dette er årsaka til at me framleis eksisterar. Bøndene i Mellom-Amerika er imidlertid ikkje motstandarar av eksport. Det viktige er at den del av produksjonen som går til eksport, ikkje går på bekostning av salg til lokale marknader." (Cunningham og Atkinson, 1994).


Liten andel av marknaden

Ein viktig føresetnad for at u-landa skal kunna auka sine eksportinntekter, er at dei får betra sin marknadstilgang. I prinsippet skal frihandelsavtalene sørga for like vilkår for alle produsentar, men erfaring har vist at mange u-land vert utestengt frå einsklilde marknader. For mange varer er i-landa sine handelsbarrierar låge, men for sentrale u-landsvarer som tekstilar, kle, fisk, fiskeprodukt og landbruksvarer er situasjonen ofte ein annan. Resultatet er at u-landa mistar marknadsandelar i andre land (Verdens handelsorganisasjon, 1996).

I 1999 stod multinasjonale selskap for to tredjedelar av verdshandelen, og halvparten av denne handelen føregjekk mellom ulike bedrifter i det same selskapet. (New Internationalist, 2000). Undersøkingar bekreftar at Afrika er den verdsdelen som vert hardast råka av konkurransen på verdsmarknaden. Dette fordi den einsidige satsinga på, og dermed avhengigheita av, nokre få råvarer er størst i denne regionen. Medan Afrika sin andel av verdshandelen utgjorde fire prosent i 1960, var den i 1990 nede på i underkant av ein prosent. Eit av problema fattige u-land står ovanfor, er at dei ikkje sjølve kan oppsøka marknaden, fordi reiser og marknadsføring er svært kostnadskrevjande. Dei er difor avhengige av at importørane oppsøker dei, og blir prisgitt det importørane tilbyr (Eriksen, 1998). Figur 3 syner utviklinga av norsk import fordelt på fire hovudgrupper. Verdien på den norske importen har auka med 88 prosent i perioden 1993 til 2001 (vedlegg 1). Den norske importen frå u-land har auka med 151 prosent, medan importen frå Noreg sin største handelspartner, EU, har auka med 144 prosent. Importen frå EU og

u-land utgjorde i 2001 henholdsvis 59 og 13

prosent av den samla importen.



Figur

3: Utvikling av norsk import, fordelt på landgrupper. For kjelldata sjå vedlegg 1.

(Kilde: SSB 1995a, SSB 1996a, SSB 1997a, SSB 1999a, og SSB 2000a, SSB 2002a).

□ -inkludert skip og oljeplattformer for gruppa "andre", inkludert oljeplattformer for gruppa "u-land"

-Tala for EFTA og EU i 1994 omfattar de land som er medlemmer pr. 1995.

Material og metode

Data

FIVH har gjort berekningar for i-hjelpe sidan 1993. Målet har heile tida vore å samanlikna prisane på dei viktigaste typene av jordbruksvekstar og råvarer, samt sko, tekstilar og kle, som Norge importerar frå u-land. Ein valde då å inkludera alle varer med ein årleg importverdi på meir enn 10 millionar kroner i 1991⁴. Samla sett utgjorde desse varene i 1991 om lag 60 prosent av den samla importen frå u-land, om ein held olje og brukte skip utanfor.

For å samanlikna prisane for dei ulike varegruppene over tid, samt berekna i-hjelpe, er fylgjande informasjon nødvendig:

- Statistikk over importert mengde og verdien av denne for alle varegrupper, både for referanseåret 1980 og for det året ein skal berekna i-hjelpe for.
- Prisindeks for fyrstegongsomsetjing innanlands (heimemarknad og import).

Data som er nytta i denne rapporten er henta frå statistikk publisert av Statistisk Sentralbyrå (SSB, 1997-2002) og tilsvarar hovudsakleg det same vareutvalet som er nytta i tidlegare rapportar.

Definisjonar

- Me har nytta Statistisk Sentralbyrå sin definisjon av *u-land*.
- *Prisindeks på fyrstegongsomsetjing innanlands*: Indekstal for varegrupper etter den internasjonale handelsnomenklaturen SITC med ein del undergrupper. Statistikken skal måla den faktiske prisutviklinga ved fyrstegongsomsetjing av varer i den norske marknaden. Dette gjeld både importerte varer og varer frå norske produsentar.
- *Ideell pris*: Ideell importpris – den prisen ein i 2001 hadde betalt dersom importprisen hadde vore på same nivå

⁴ Rapporten i 1993 omhandla handelen i 1991.

som i 1980 målt ved prisutvikling på alle varer.

- *Reell pris*: Reell importpris – den prisen ein faktisk betalte i 2001.
- *Realprisutvikling*: Prisutviklinga for ei vare korrigert for den generelle prisutviklinga (ikkje løpende prisar).

Metode

Ein bereknar altså forskjellen mellom ideell og reell prisutvikling i perioden frå 1980 til 2001. Denne prisdifferansen er så utgangspunktet for den varebaserte i-hjelpa. Den ideelle prisen for 2001 finn ein ved å multiplisera 1980-prisane med prisindeksen for fyrstegongsomsetjing innanlands (1980-2001). Den reelle prisen for 2001 er den prisen ein faktisk betalte for den importerte vara dette året. Dersom den reelle prisen på ei u-landsvare er lågare enn den ideelle prisen, er realprisen gått ned. Med andre ord; samanlikna med andre varer som er omsett for fyrste gong i Noreg, var det billigare å importere denne vara i 2001 enn i 1980. Noreg har i såfall motteke i-hjelp for for kvar importerte eining av denne vara. I likheit med dei føregåande rapportane har ein her nytta 1980 som referanseår. Dette året vart opprinneleg valt fordi prisane dette året representerar gjennomsnittsprisen for perioden 1960-1980. Ein har nytta to metodar for å berekna i-hjelpa for 2001. Den fyrste metoden vert brukt for å berekna realprisutviklinga på varer der både importverdi og importmengde er tilgjengeleg i norsk statistikk (jordbruksvarer og råvarer). For varer der ein berre kjenner importverdien (kle, sko, tekstilar og golvbelegg), bereknar ein realprisutviklinga ved å samanlikna prisindeksane for dei ulike varene.

Berekningsmetode

Jordbruksvarer og råvarer (gruppe 1)

Ved å multiplisera importprisen i 1980 for ei vare med indeksen for fyrstegongsomsetjing innanlands (perioden 1980-2001) finn ein kva denne vara ville kosta i 2001 dersom denne vara hadde hatt same prisutvikling på den norske marknaden som alle andre varer (ideell pris). Differansen mellom den ideelle og den reelle importprisen for 2001 fortel om prisen på vara har gått opp eller ned over tid (1980-2001) samanlikna med alle andre varer, altså om ein har hatt positiv eller negativ realprisutvikling på vara. Dette kan uttrykkjast ved formelen:

$$I_j = [(P_{80j} * i) - (P_{01j})] * M_j$$

I_j	= I-hjelp for varegruppe j
P_{80j}	= gjennomsnittspris på ei eining av varegruppa j i 1980
i	= gjennomsnittlig prisindeks for norsk innenlands fyrstegongsomsetjing i 2000 der 1980 er basisår
P_{01j}	= kontinuerleg gjennomsnittspris for varegruppa j i 2001
M_j	= samla norsk importmengde av varegruppen j i år 2001

For detaljar om berekningsmetoden, sjå vedlegg 1. For to av produkta i gruppe 1, appelsin-saft og ananas, føreligg ikkje importprisen for 1980. Me nyttar istaden importprisen for 1995.

Kle, sko, tekstilar og golvbelegg (gruppe 2)

I-hjelpa for gruppe 2 er berekna ved å finna differansen mellom prisindeks for fyrstegongsomsetjing innanlands (som for gruppe 1) og prisindeksen for dei importerte varene (kjeda attende til 1980⁵). Dersom prisindeksen på fyrstegongsomsetjing innanlands er større enn prisindeksen på varene i vårt vareutval, indikerer dette at varene i vårt utval har hatt ei svakare prisutvikling enn den gjennomsnittlege prisutviklinga for fyrstegongsomsette varer på den norske marknaden. Denne differansen, uttrykt som prosent av importprisindeksen, fortel kor mykje meir ein skulle betalt for vara i 2001. Ved å multiplisera den prosentvise forskjellen med importprisen for 2001, får ein eit uttrykk for i-hjelpa for varene i gruppe 2. Dette kan uttrykkjast ved fylgjande formel:

$$I_j = (i/i_j - 1) * V_j$$

I_j	= I-hjelp for varegruppe j
i	= gjennomsnittlig prisindeks for norsk innenlands fyrstegongsomsetjing der 1980 er basisår.
i_j	= Importprisindeks for varegruppa j i 2001 (1980=100), berekna ved kjeding av indeksar.
V_j	= importverdi for varegruppa j i 2001.

⁵ Kjeding av indeksar – fordi SSB har skifta basisår i løpet av perioden er et nødvendig å kjeda indeksane attende til 1980. For detaljar sjå vedlegg 2.

For nærare detaljar om berekningsmetoden, sjå vedlegg 1.

Berekinga av storleiken på I-hjelpa for 2001

I dette kapittelet vil ein presentera dei tala som er funne for storleiken på I-hjelpa 2001. Deretter vil ein samalikna dei med resultatata for 1994-2000, og tilslutt med utviklinga av norsk bistand i den samme perioden.

I-hjelpa 2001

Så langt syner det seg at Noreg tente over 5 milliardar på i-hjelp i fjor, fordi realprisane på råvarer frå u-land har gått ned samanlikna med dei same prisane i 1980.

Tabell 1: I-hjelpa for 2001 fordelt på importvarer i gruppe 1.

Vare	Pris 1980	Ideell pris 2001	Reell pris 2001	Differanse ideell og reell pris	Importert mengde	I-hjelp 2001
	Kr/kg	Kr/kg	Kr/kg	Kr/kg	Kg	Kr.
Ananas	5,43	5,91	7,01	-1,10	5 651 933	-6 198 644
Appelsinsaft	7,98	8,59	7,98	0,70	10 148 473	7 126 359
Ris	2,98	6,99	5,13	1,86	12950399	21 448 405
Sukker	3,28	7,69	6,93	0,76	112343	85 469
Melasse	0,78	1,69	0,80	0,89	47 591 679	42 280 448
Kaffi	22,70	53,23	12,10	41,13	37 347 435	1 535 969 747
Kakaobønner	18,16	42,59	19,23	23,36	991	23 149
Kakaosmør	33,16	77,76	111,50	-33,74	22	-742
Kakao-anna	15,33	35,95	12,36	23,59	20700	488388
Te	51,82	121,52	45,07	76,44	151 918	11 613 232
Pepper	14,49	33,98	40,35	-6,37	556 727	-3 546 644
Tobakk	19,64	46,06	29,53	16,52	2 895 844	47 847 248
Soyabønner	1,5	3,52	1,82	1,70	111 754 818	189 522 787
Tropiske planteoljer	3,91	9,17	3,01	6,16	1 117 574	68 83 082
Banane	2,69	6,31	5,16	1,15	60 842 846	70 058 469
Appelsiner	2,60	6,10	5,81	0,29	5 850 899	1 700 434
Mandariner	4,31	10,11	7,16	2,94	6 627 246	19 510 475
Epler	3,41	8,00	7,16	0,84	11 368 281	94 97 067
Pærer	3,28	7,69	7,61	0,08	778 658	64 022
Druer	4,44	10,41	16,53	-6,12	2 535 691	-15 515 697
Annen frukt + nøtter	10,17	23,85	13,47	10,37	9 638 254	99 986 090
Konservert frukt	5,58	12,38	7,52	4,87	6 774 751	32 964 147
Fruktsaft	7,01	16,44	7,84	8,60	11 000 893	94 607 570
Naturgummi	7,02	16,46	11,33	5,13	154 294	792 109
Skåret tropisk tømmer	2,70	6,33	10,94	-4,61	3 115 583	-14 366 034
Kryssfiner av tropisk tømmer	2,72	6,38	6,83	-0,45	1 876 223	-842 975
Tinn	79,16	185,63	50,89	134,74	427 094	57 546 437
Aluminiumsoksid	1,11	2,60	1,79	0,82	1 706 579 600	1 393 281 464
Manganmalm	0,34	0,80	0,55	0,25	239 066 554	58 776 826
Salt	0,18	0,42	0,29	0,13	41 363 940	5 270 966
Bariumsulfat	0,36	0,84	0,41	0,44	142 815 670	62 545 627
Totalt						3 731 603 281

Det framgår av tabell 1 at kaffi og aluminium- oksid er dei største bidragsytarane til i-hjelpa i 2001. Det same har vore tilfelle dei to siste åra. Tinn (134,74 kr/kg), te (76,44 kr/kg og kaffi (41,13 kr/kg) er dei varegruppene som har størst differanse mellom reell og ideell kilo- pris. Det er med andre ord desse varene som har hatt den mest negative realprisutviklinga frå 1980 og fram til i dag om ein fokuserar på absolutte prisdifferansar per eining (kilo). Stor prisdifferanse, kombinert med høgt import- volum, fører til eit høgt anslag for i-hjelp for t.d. kaffi. Når det gjeld tinn var imidlertid det totale importvolumet så lågt at denne vara ikkje bidreg stort til den totale i-hjelpa. For

aluminiumsoksid er differansen mellom ideell og reell kilopris relativt liten, men grunna det store importvolumet utgjorde i-hjelpa for denne vara 1,4 milliardar kroner i 2001. I vare- gruppe 2 er det verdt å merke seg at import av klede gav Noreg ei i-hjelp på 1,5 milliardar kroner i fjor.

I varegruppe 2 er det verdt å merke seg at im- port av klede gav Noreg ei i-hjelp på 1,5 mil- liardar kroner i fjor. Men av dei to tabellane ser ein også at t.d. ananas, druer og fottøy i fjor bidrog til å redusere i-hjelpa. Desse varene har altså hatt ei positiv realprisutvikling når ein samanliknar 1980-prisane med 2001-prisane. Dette betyr at desse varene er dyrare (relativt sett) å importera i 2001 enn det dei var i 1980.

Tabell 2: I-hjelpa for 2001 fordelt på importvarer i gruppe 2.

	Forholdstal mellom Indeksar	Importverdi	I-hjelp
Klede	0,43	3703987975	1 574 365 382
Fottøy	-0,18	803550250	-143 903 199
Vevnadar - bomull	0,43	103324970	44 916 700
Vevnadar- syntetiske	0,16	40080039	6 590 549
Golvbelegg	0,20	131137044	26 166 552
Sum gruppe 2		4782080278	1 508 135 984

I-hjelpa 1994-2001

I-hjelpa sin storleik i perioden 1994-2001 har variert mellom 3,9 og 5 milliardar kroner⁶ (vedlegg 4), med ein realtivt kraftig vekst frå 1998 til 2001. Fordelinga mellom dei to hovudgruppene av varer varierer også mykje i den same tidsperioden. Medan varer frå gruppe 2 utgjorde meir enn 50 % av samla i-hjelp i 1995, utgjorde gruppe 2 i 1998 berre 25 %. I 2001 har ein hatt ein kraftig nedgang i i-hjelpa i gruppe 2. Dette skuldast i hovudsak ein mar- kant reduksjon i i-hjelpa frå kle og fottøy. Men samstundes har ein hatt ein stor auke i den totale i-hjelpa for gruppe 1. Årsaka til dette er m.a. ein stor auke i mengda importert kaffi. Prisen på aluminiumoksid har gått litt opp, og dette har betydning fordi importmengda (som heldt seg på 2000-nivå) er svært stor. Derimot har importmengda av soyabønner gått ned sidan 2000, og trekkjer difor i-hjelpa ned.

At storleiken på i-hjelpa har auka så kraftig dei siste tre åra, kan skuldast nettopp denne auken i importmengd. Ei anna årsak er at det dei siste åra har funne stad ei endring i samansetningen av importen. Dersom ein importerer meir av varer som har hatt ein negativ realprisut- vikling, vil dette auke den totale i-hjelpa. Tala frå 1999, 2000 og 2001 kan ein imidlertid ikkje samanlikna direkte med tidlegare år fordi ein har nytta ein noko anna utrekningsmetode desse siste åra.


Storleiken på i-hjelpa vil også avhenga av kur- sane på valutamarknaden. Dersom den norske krona er sterk, vil ein kunna importera relativt mykje varer frå utlandet til ein lågare pris i norske kroner. Dette bidreg til å auka i-hjelpa både fordi importvolumet aukar og fordi importprisen vert låg. Dersom den norske kro- na derimot er svak vil importvarer verte relat- ivt mykje dyrare samanlikna med heimepro- duserte varer, og i-hjelpa mindre. Kursane på den internasjonale valutamarknaden avheng av

⁶ Tala er ikkje justert med dagens priskonsum- indeks.

ei rekkje forhold som økonomisk vekst, inflasjon, kapitalrørsler og utanriksbalanse. Ei anna årsak til at i-hjelpa har auka kan vera sesong-avhengige prissvingningar. Råvareprisane varierer ofte mykje gjennom året. Desse variasjonane skuldast mellom anna avlingsvariasjonar som fylgje av naturkatastrofar (kaffi, kakao og

bananer) og klimatiske variasjonar (mais, oljer) (FAO, 1998). Dersom den norske etterspurnaden inntreffer i ein periode då prisane er låge, vil dette føre til ein større differanse mellom reell og ideell pris, og resultatet vert meir i-hjelp.

I-hjelpa 1994-2001 fordelt på gruppe 1 og 2



Figur 4: Utvikling av i-hjelpa frå 1994 til 2001, samt fordeling mellom dei to importgruppene (kjelde: SSB 1994, SSB 1995b, SSB 1996b, SSB 1997b, SSB 1998, SSB 1999b, SSB 2000b, SSB 2001, SSB 2002c).

I-hjelp og U-hjelp


Internasjonal statistikk som samanliknar ulike land sin innsats når det gjeld bistand, nyttar ofte bistanden sin andel av BNI (bruttonasjonalinntekt)⁷ i gjevjarlandet som mål. Ved å sjå på bistanden i forhold til gjevjarlanda sin samla verdiskaping, får ein eit inntrykk av korleis de ulike land prioriterar internasjonal solidaritet (UD, 2000). Figur 5 syner utviklinga av norsk bistand *over tid*, og den varebaserte i-hjelpen som andel av BNI. Nær halvparten av det samla beløpet me har gjeve som u-hjelp dei siste åra, har me teke attende i form av i-hjelp, noko som skuldast lågare prisar på importvarer frå u-land kombinert med eit større importvolum. Me ser vidare frå Figur 5 at utviklinga for begge variablene har hatt en markert nedgang (med unntak av total norsk bistand som % av BNI det siste året) i løpet av perioden. Dette betyr at i forhold til den norske verdiskapinga har ein gjeve mindre u-hjelp og spart mindre pengar på import fra u-land.

Samla anslag på i-hjelp og u-hjelp gjev imidlertid ikkje eit riktig bilete for det einstilte u-land fordi me importerar varer fra land me ikke gir u-hjelp til. Totalt gir Noreg u-hjelp til 111 land; dei fleste av hovudsamarbeidslanda er i Afrika. I år 2000 importerte Noreg varer frå 129 u-land. Det er altså ikkje nødvendigvis dei same landa me får i-hjelp frå, som me yter u-hjelp til (UD, 2000).

Kunnskapen om den statlege norske u-hjelpa er generelt låg i den norske befolkningen. 88 prosent svarte i ei spørjeundersøking at dei var positive til u-hjelp, men hele 55 % av dei spurte oppgav at dei ikkje visste kva land som er Noreg sine hovudsamarbeidsland. 30 prosent meiner at summen burde vore mindre, medan bare 11 % meiner den burde vore større (SSB, 1999c). Dette til tross for av at me nyttar høvesvis mindre pengar på u-hjelp no enn for 3 år sidan (figur 5).

⁷ BNI = BNP + inntekter av norske investeringer i utlandet – inntekter av utenlandske investeringer i Norge.

Utvikling av norsk bistand og i-hjelp som andel av BNI



Figur 5: Utvikling av bistandsmidlar og i-hjelp som andel av BNI i perioden 1994-2001. Kjelder for 1993-94: NORAD 1999; for 1995-2001: NORAD 2001; for 2001: NORAD 2002).

Begrensingar ved metoden for berekning av i-hjelpa

Når me tidlegare i denne rapporten har presentert eit overslag over den norske i-hjelpa, har me av ulike årsaker blitt tvinga til å gjera ulike forenklingar i berekningane. Nokre av svakheitene ved metodenvert presentert i dette kapitlet, saman med ein del av forenklingane.

Tidsperiode

Me samanliknar prisnivået over ein lang tidsperiode, noko som i seg sjølv medfører ein

del problem. Eit døme er at den definisjonen av u-land ein nyttar for 2001, ikkje er den same som vart brukt i 1980. Eit anna problem er at samansetnaden av varer som vert importert frå u-land har endra seg kraftig sidan 1994 (då den fyrste i-hjelpsrapporten vart skrive), slik at det opprinneleg vareutvalet utgjer ein stadig mindre del av den totale importen frå u-land. Importen frå u-land auka med 56 prosent i perioden 1994-1999. Dette har også påverka varesamansetnaden (tabell 3).

Tabell 3: Utvikling av utvalde importvarer for perioden 1994-1999 (tal i heile kroner). Kjelde: Bay 2001.

	1994	1999	%-vis endring
Kjøtt og kjøttvarer	6	87	1350
Fisk, krepsdyr, bløtdyr	88	175	99
Korn og kornvarer	34	145	325
Kaffi, te, kakao, krydder	933	780	-16
Dyrefor (unnateke umala korn)	43	78	81
Ulike matvarer	15	35	135
Drikkevarer	58	174	198
Oljefrø og oljehaldige frukter	112	551	393
Rågummi	5	3	-44
Malmar og avfall av metall	2306	2992	30

Tabell 3 syner at nye varegrupper som kjøtt og kjøttvarer, fisk og korn har hatt ein sterk vekst desse åra, medan importen av gruppa kaffi, te, krydder og rågummi har hatt ein nedgang. Importen av malm og avfall av metall har hatt ein moderat prosentvis vekst, men grunna det

store importvolumet (sjå også tabell 1) vert denne varegruppa likevel betydningsfull.

Importstatistikk

Importstatistikken for Noreg kan for ein skilde varegrupper vera noko misvisande slik den vert

nytta her. Mange u-landsvarer som te, sukker og kakao kjem ikkje direkte til Noreg frå det einskilde u-land, men går via andre land (gjerne i-land) der dei inngår som ein del av andre (bearbeidde) varer før dei kjem til Noreg. Dette medfører at me undervurderer den samla norske importen av varer frå u-land (for dei utvalde varegruppene som denne rapporten fokuserar på).

Realprisar

I denne studien bereknar me i-hjelpe ved å anta at dersom realprisen for 1980 også gjaldt i dag, ville dette ikkje hatt konsekvensar for importvolumet i 2001. Denne føresetnaden er noko urealistisk i den forstand at høgare realprisar i dag truleg ville ha resultert i lågare import. Dersom me søker å korrigera for denne effekten ville i-hjelpe vorte mindre ettersom realprisen for dei fleste varer har felle sidan 1980.

Auka import?

Det er ikkje nødvendigvis ein eintydig samanheng mellom fallande realprisar på u-landsvarer og ein nedgang i nasjonalinntekta. At realprisane for mange varer fell på verdsmarknaden kan óg komma u-landa til gode ved at dei sjølve kan importera billige råvarer frå andre land. Avhengig av industrialiseringsnivået i det aktuelle landet, kan i tillegg

fallande lønsemd på eit område stimulera til ny aktivitet på andre område slik at det vert skapt nye økonomiske nisjar som bidreg til verdiskaping og gjev auka valutainntekter. Hovudmønsteret i mange u-land, og då spesielt i Afrika, er imidlertid at landa er svært avhengige av råvarer som har hatt ei negativ prisutvikling dei siste 30 åra. Samtidig eksporterar desse landa i svært lita grad bearbeidde og kunnskapsintensive varer. Dette betyr at dei einsklide landa er svært avhengig av valutainntektene som fylgjer av eksport av råvarer-/jordbrukevarer, og dermed svært sårbare overfor svvingar i verdsmarknadsprisen på slike varer.

Vareutvalet

Vareutvalet i i-hjelpe utgjer berre ein liten del av den totale importen frå u-land. Skip, oljeplattformer, transportmiddel osv. utgjer ein større andel av den totale u-landsimporten. I denne rapporten er imidlertid hovudhensikta å fokusera på prisutvikling og handel med råvarer, jordbruksprodukt, samt ein del ferdigvarer. At prisutviklinga på andre importerte varer har vore positiv, utelet ikkje det faktum at dei fleste varene som er undersøkt i denne rapporten har hatt ei negativ nominell- og realprisutvikling.

Rettferdig handel

For å sikra produsentane stabile og høge nok inntekter, gode arbeidsforhold og ein produksjon som ikkje går på bekostning av miljøet, er det heilt nødvendig å få istand nye, alternative handelsavtaler. Rettferdig handel skal sikra at ulike minstekrav til arbeidsforhold og løn vert oppretthelde, samtidig som det vert fokusert på lokal utvikling og bærekraftig produksjon (New Internationalist, 2000; EFTA 1998; Max Havelaar, 2000).

Prinsipp for rettferdig handel:

- Alle mellomledd vert kutta, og handelen foregår direkte med produsentar, handverkar- eller bondeorganisasjonar, eller med firma som sikrar arbeidarrettar.

- Alle produsentar får ein rettferdig pris under rettferdige forhold.
- Betalinga vert gjort forskotsvis for å sikra kapitalbehovet i perioden før hausting.
- Produsentane kan motta støtte til å forbetra produkt eller metodar.
- Gode arbeidsforhold og miljø skal ivaretakast.
- Born skal ikkje utnyttast under framstillinga av rettferdige produkt.
- Også kvinner skal kunna profitera på ærleg handel.

I tillegg til stabile minsteprisar, kan produsentane få deler av beløpet forhåndsutbetalt (EFTA 1998; New Internationalist 2000, Max

Havelaar 2000). Dette gjer det mogeleg å kjøpa innsatsmidlar i produksjonsfasen, og gjer det mogeleg å overleva produksjonssesongen utan å bli avhengig av kostbare lån. I tillegg gjev langsiktige avtalar tryggleik ved at produsentane ikkje vert utsett for dei store prisvariasjonane på verdsmarknaden.

I Europa, Nord-Amerika og Japan finst det i dag fleire tusen alternative butikkar som hovudsakleg sel tekstilar, handverksprodukt, matvarer og nytelsesmiddel frå sør. I 1998 vart det omsett rettferdig handla varer for 200 millioner Ecu i Europa, og rettferdig handla kaffi utgjorde 1,7 prosent av den totale omsetnaden av kaffi. Omsetnaden av rettferdig handla varer i Europa aukar med om lag fem prosent kvart år (EFTA, 1998). Ved sida av dei som sjølv importerar og sel varer frå sør, finst det også organisasjonar som merkar varer som er produsert på rettferdige vilkår, og som igjen vert omsett gjennom vanlige kanalar.

Rettferdig handel med kle

Kampanjen "Clean clothes campaign" (CCC) har utarbeidd kriteriar for rettferdig handel med kle. CCC hadde sitt utspring i Nederland i 1989-90, der ein fokuserte på den multi-nasjonale klesforhandlarane C&A, som tråla verda på jakt etter leverandørar med de lågast mogelege prisane, noko som i praksis ofte tydde brot på ILO (Internasjonal Labour Organisation) sine minimumskrav til arbeidsforhold og til forhandlingsrett for arbeidarne (Idébanken, 1999).

Seinare har solidaritetsgrupper, forbrukarorganisasjonar, fagforeiningar og andre gått saman om å laga avdelingar av CCC i ni europeiske land. Dei har utarbeida eit sett med minstekrav til arbeidsvilkår hjå leverandørane til klesforhandlarane og deira underleverandørar, og arbeidar for at forhandlarane ikkje berre skal vedta denne standarden, men også gå med på uavhengig inspeksjon for å sikra at den vert fylgt i praksis. Standarden gjeld også for produsentar av sportsutstyr. Forhandlarar som godtek krava, kan setja eit klistremerke med kampanjen sin logo i butikkvindaugene.

Ein viktig kampanjetaktikk i fleire land har vore postkortkampanjar der forbrukarar i tusental har sendt kort til dei store klesforhandlarane (Idébanken, 1999).

Den svenske avdelingen "Rena kläder" oppnådde ein viktig delsigjer i 1998 da dei fire store forhandlarane Hennes & Mauritz, Lindex, Indiska og KappAhl i prinsippet gjekk med på uavhengig inspeksjon hjå sine leverandørar. Dei fyrste pilotprosjekta kom i gang i løpet av 1999 i Kina, Bangladesh og India. Seinest i fjor vår var Hennes & Mauritz, KappAhl og Lindex utsett for massiv kritikk i Aftonbladet som kunne dokumentera slave-liknande forhold på fabrikkane i Kambodsja (Carlström, 2001a, b, og c). På ei rekkje punkt bryt kjedene med sine egne retningslinjer for framferd (Code of conduct) (tabell 4).

Ved sida av å bryta sine egne retningslinjer og internasjonale arbeidarrettar, er store deler av klesindustrien svært miljøfiendtleg. Bomullsindustrien, som står for omlag 50 prosent av omsetnaden med tekstilfiber, legg beslag på 25 prosent av verda sin bruk av insektmiddel og elleve prosent av alle andre typer plantevern-middel. Bomull vert dyrka på omlag 2,2 prosent av jorda sitt åkerareal (FAO, 1998). Massiv bomullsproduksjon i Usbekistan har ført til ei dei største miljøkatastrofane verda har sett. Aralsjøen var den fjerde største innsjøen i verda fram til 1960. I dag er den nærast tørka ut. Omlag sju millionar menneske er ramma av at drikkevannet og jordsmonnet er forureina av sprøytemidlar fra bomullsproduksjonen, og hundretusenvis er trua av tørke som rammar matavlingane. Luftvegsinfeksjonar, strupekreft, blodsjukdomer hjå born, restar av plantevernkemikaliar i brystmjølk og ein auke i fødselsdefektar er nokre av problema befolkningen slit med. 20 av dei 24 fiskeartane innsjøen inneheldt er utrydda, og fisket som tidlegare ga fleire titalls tusen menneske arbeid, er no nedlagt. Våtmarksområda er redusert med 85 prosent og bestanden av vadefugl er redusert fra 173 til 38 arter (PANNA, 1997; Naturvårdverket, 1996). Miljøaspektet må difor stå sentralt i prinsippa om rettferdig handel.

Konklusjon

Ut fra dei berekningar og samanlikningar som er gjort i denne rapporten, kan ein trekka fylgjande konklusjonar:

- Den varebaserte i-hjelpa utgjorde i 2001 over 5 mrd kroner. Det vil sei at Noreg sparte 5 mrd kroner i år 2001 på at verdsmarknadsprisane på varer importert frå u-land har gått ned sidan 1980. Dette utgjer omlag 1100 kroner per nordmann.
- Totalt har Noreg motteke 35,3 milliarder kroner i i-hjelp i perioden 1994-2000 (vedlegg 4). Dette utgjer om lag halvparten av den offentlige bistanden for den samme peioden.
- I-hjelpa sin storleik er ikkje berre avhengig av prisnivået, men også samansetningen og storleiken på importen.
- Einskilde vareslag har hatt ei positiv realprisutvikling, og bidrog til å redusere den totale i-hjelpa.
- Rettferdig handel skal sikra at visse minstekrav til arbeidsforhold og løn vert oppretthalde, samtidig som det vert fokusert på lokal utvikling og bærekraftig produksjon. Tilbodet av rettferdig handlede kle er totalt fråværande i den norske marknaden.

Kjelder

- Bay, I (2001): I-hjelpen – Hva Norge tjente på underbetaling av u-landsvarer i 2000. FIVH rapport 4/2002.
- Bay, I. & Nagoda, D (2001): "Hvit og ren? – om de økologiske konsekvensene ved norsk bomullsforbruk", FIVH rapport 3/2001.
- Carlström, C (2001a): "De jobbar som slaver for H&M" Aftenbladet 8./4. 2001.
- Carlström, C (2001b): "Alla arbetare är lungsjuka" Aftenbladet 9./4. 2001.
- Carlström C. (2001c): "Forbudet at ta sjukledigt" Aftenbladet 10./4. 2001.
- Cunningham, S. og Atkinson, J (1994): "Trade offs" – the impact of the new trade rules on developing countries. Community Aid Abroad, Breakout Press, Sydney, Australia.
- Dagens Næringsliv (2002): "Kakaokrise gir kaos". Tirsdag 17. september 2002.
- EFTA (European Fair Trade Initiativ) (1998). Fair Trade Yearbook: Towards 2000. EFTA sekretariat, Maastricht, Nederland.
- Eriksen, T. L (1998): "Global apartheid" (fra Gustavsen, F. Thorkildsen, I.M: "Markedets vidunderlige verden"), John Grieg forlag.
- FAO (1998): <http://apps1.fao.org/servlet/XteServlet.jrun?Areas=%3E862&Items=1421&Elements=61&Years=1998&Format=Table&Xaxis=Years&Yaxis=Countries&Aggregate=&Calculate=&Domain=LUI&ItemTypes=LandUse&Language=&UserName=>
- FAO (2000): "Commodity market review 1999-2000", Commodities and trade division food and agriculture organization of the united nations, Roma. [<http://193.43.36.7/waicent/fao/info/economic/ESC/escp/cmre.htm>]
- Idébanken (1999): "Kampanje bringer reine klær skrittet nærmere" [www.idebanken.no].
- Max Havelaar (2000): [<http://www.maxhavelaar.no/>]
- Naturvårdsverket: "Textil och miljö– redovisning til Kretsloppsdelegationen", Rapport 4668, 1996.
- New Internationalist (2000): Chris Duggan "Fair trade".
- NORAD 1999: "Årsrapport 1998".
- NORAD 2001: "Årsrapport 2000".
- NORAD 2002: [http://www.norad.no/norsk/files/Annual%20report\(eng\).pdf](http://www.norad.no/norsk/files/Annual%20report(eng).pdf)
- PANNA (Pesticide Action Network North America): "Problems with conventional cotton production", [www.panna.org], 1997.
- SSB 1994: NOS Utenrikshandelen 1994, Statistisk Sentralbyrå, Oslo, juni 1994.
- SSB 1995a: Månadsstatistikk over utenrikshandelen. Endelige tall 1995, tab.12 "Samhandel med enkelte land".
- SSB 1995b: NOS Utanrikshandelen 1995, Statistisk Sentralbyrå, Oslo, juni 1995.
- SSB 1996a: Månadsstatistikk over utenrikshandelen. Endelige tall 1996 tab 12 "Samhandel med enkelte land".

- SSB 1996b: Månadsstatistikk over utenrikshandelen. (Prisindekser).
- SSB 1997a: Månadsstatistikk over utenrikshandelen. Endelige tall 1997 tab.12 ”Samhandel med enkelte land”.
- SSB 1997b: Spesialkjøring av innførselsstatistikk, totaltall for 1998
- SSB 1998: Spesialkjøring av innførselsstatistikk, totaltall for 1998
- SSB 1999a: Månadsstatistikk over utenrikshandelen. Foreløpige tall 1999, tab.14 ”Samhandel med enkelte land”.
- SSB 1999b: Spesialkjøring av innførselsstatistikk, totaltall for 1998.
- SSB, 1999c: ”Økt oppslutning om u-hjelp”
[<http://www.ssb.no/emner/00/01/30/uhjelphold/>]
- SSB 2000a: Månadsstatistikk over utenrikshandelen. Foreløpige tall 2000, tab.14 ”Samhandel med enkelte land”.
- SSB 2000b: Månedsstatistikk over utenrikshandelen, 2000. tab.6 ”Kvartalsindekser over enkelte varegrupper”
- SSB 2001: Spesialkjøring av innførselsstatistikk, totaltall for 2000.
- SSB 2002a: Månadsstatistikk over utenrikshandelen. Endelige tall 2002, tab. 14 ”Samhandel med enkelt land”.
- SSB 2002b: <http://www.ssb.no/maanedshefte/sm02211n.shtml>
- SSB 2002c: Spesialkjøring av innførselsstatistikk, totaltall for 2000.
- United Nations Conference on Trade and Development (2002): ”Trade and Development Report, 2002”. UNCTAD/TDR/2002. United Nations Publications, Sales No. E.02.II.D.2.
- Utenriksdepartementet 2000: St.prp.nr.1 (2000-2001) for budsjetterminen 2001.
- Verdensbanken (2000): Sammendrag ”Global Commodity Market” (Special Feature), s.10-11.
[<http://www.worldbank.org/prospects/gcmonline/01summary.pdf>]
- Verdensbanken (2001a): ”World development indicators” tabell 6.4 s. 196,
[http://www.worldbank.org/data/wdi2001/pdfs/tab6_4.pdf]
- Verdensbanken (2001b): ”Global Commodity Market” (Summary), s.5-6.
[<http://www.worldbank.org/prospects/gcmonline/02specialfeature.pdf>]
- Verdens Handelsorganisasjon (1996): ”Participation of developing countries in World Trade- overview of major trends and underlying factors” (Summary and conclusions).
[http://www.wto.org/english/tratop_e/development_e/w15.htm#Footnote1].

Vedlegg

Vedlegg 1: Total import til Noreg i perioden 1993-2001

Import frå ulike grupper av land i perioden 1993-2001, samt prosentvis auke i importen i løpet av perioden

Land	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	93-2001	%-vis auke 93-2001
Norden	42283	49301	55518	63193	65409	70371	68438	75449	77604	567566	84
EFTA	33994	39883	3210	3634	3609	4496	3817	4121	4837	101600	-86
EU	79772	93508	145647	159000	167327	186942	180836	189386	194649	1397067	144
Tidl. Comecon	4232	6972	7088	7200	9278	10368	12011	15697	16486	89333	292
U-land	14596	16890	19090	19803	23064	24468	30610	42308	36651	227479	151
I alt	176870	203554	232548	254826	270684	298642	295712	328961	332228	2383045	88

Kilde: SSB 1995b, SSB 1996b, SSB 1997b, SSB 1999b, og SSB 2000b, SSB 2002a.

Vedlegg 2: Reknedøme

Berekning av prisindeks for fyrstegongsomsetnad innanlands

Endringa frå januar 1980 til januar 2001 er på 135,4 prosent ifylgje fyrstegongsomsetnad, heime. Hundre kroner i januar 1980 tilsvarar 235,4 kroner i januar 2001 ifylgje fyrstegongsomsetnad i alt, heime.

Berekning av i-hjelp for varer i gruppe 1

For å få den ideelle prisen (P_i) på importvarene, vert 1980-prisen multiplisert med prisindeks på fyrstegongsomsetnad innanlands (I_0) for 2001 der 1980 er basisår (1980 = 100)

$$P_i = P_{80} * I_0$$

$$I_0 (1980-2001) = 234,5$$

Døme: Te

$$P_i = 51,82 \text{ kr/kg} * 2,345 = 121,52$$

Differansen mellom den reelle og den ideelle kiloprisen vert multiplisert med kvantum, og ein får i-hjelpe for denne varegruppa.

Berekning av i-hjelp for varer i gruppe 2

For di det ikkje finst statistikk over importert mengde av desse varene, vert prisindeksar for varegruppene (kjeda attende til 1980, sjå "kjeding av indeksar" nedanfor) samanlikna

med prisindeks for fyrstegongsomsetnad innanlands ved formelen:

$$I_j = (i/i_j) * V_j$$

Der:

- I_j = I-hjelp for varegruppa j
- I = gjennomsnittleg prisindeks for norsk innanlands fyrstegongsomsetjing der 1980 er basisår
- i_j = Prisindeks for varegruppa j (1980=100), berekna ved kjeding av indeksar
- V_j = Importverdi for varegruppa j

Indeks for 2001 (1988=100) vert dividert med indeks for 1998 (1988=100). Summen vert multiplisert med indeks for 2001 (1980=100). Døme kle:

$$93 / 94 = 0,99$$

$$0,99 * 149 = 147,51$$

D.t. prisindeks for klær i 2001 (1980=100) er 147,5.

Kjeding av prisindeksen, samt berekning av forholdstal mellom differansen (mellom prisindeksen for førstegangsomsetning og kjedet prisindeks for perioden 1980-2000) og prisindeksen for 2000 (1980=100).

	In 2001 (1988=100)	In 1998 (1988 =100)	In 1998 (1980 =100)	1998-2001 (1998=100)	1980- 2001	1.g.oms.	forholdstal mellom indeksar
Kle	90,4	94	149	0,96	143,29	204,2	0,43
Sko	164,37	150	227	1,10	248,75	204,2	-0,18
syntetisk	91,1	96	150	0,95	142,33	204,2	0,43
bomull	98,5	96	171	1,03	175,36	204,2	0,16
golvbelegg	109,7	96	149	1,14	170,23	204,2	0,20

Vedlegg 3: I-hjelpe 1994-2000

Tabellen syner den berekna i-hjelpe (fordelt på gruppe 1 og, samt totalt) frå 1994-2001. Alle tal i milliardar kroner.

År	Gruppe 1	Gruppe 2	Totalt
1994	2930	1245	4175
1995	1925	2145	4070
1996	2563	1911	4474
1997	2273	1931	4204
1998	2653	1226	3879
1999	3255	1090	4345
2000	3000	1950	4950
Totalt	18599	11498	30097

Vedlegg 4: Betalingsvilje for å redusera fattigdom i verda

Prosentvis tilslutning til påstanden "Dersom det kan redusera fattigdomen i verda er eg villig til å betale mykje meir for varene frå u-land". Kjelde: Bay og Nagoda 2001.

n = 1004	Helt einig	Delvis einig	Delvis ueinig	Helt ueinig	Ikkje svart
Totalt	30	37	11	18	4
Kvinne	34	38	10	15	4
Mann	27	36	12	22	4